



Karl Petter Aass
Nylandsveien 14
5039 BERGEN

Referanser:

Dykkar: 7c455902-f273-44af-9183-3367e36f5a9c

Vår: 21/5815 - 21/48587

Saksbehandlar:

Linda Hammersvik Folkestad

linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:

05.07.2021

Svar på søknad om utvida bruk av avkjørsle frå KV 1110 - Gbnr 214/45 Eikangervåg

Tiltak: Utvida bruk av eksisterande avkjørsle
Byggestad: Fyllingsnesvegen 204 m.fler – Gbnr 214/45
Tiltakshavar: Kari Grindheim
Ansvarleg søkar:

Saka gjeldt søknad om tillatelse til utvida bruk av eksisterande avkjørsel frå kommunal veg datert 21.06.2021.


Saksutgreiing:

Informasjon om saka:

Det vert søkt om utvida bruk av eksisterande avkjørsle på gbnr 214/8 i samband med søknad om frådeling av tomt til fritidsbustad.

Vurdering/drøfting:

Kommunal veg er etablert som ei eitfeltsveg med to køyreretningar. Avkjørslane langs vegen fungerer som møteplasser. Vegen er ikkje skilta med særskilt fartsgrense fartsgrensa følgjer av Vegtrafikklova § 6. Siktsone i avkjørsle skal være ihht Vegnormal N100 og er satt til minimum 4 x 45 meter.



Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug

post@alver.kommune.no

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00 www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559

Organisasjonsnummer: 920 290 922

Når det gjeld søknad om dispensasjon frå byggegrense mot veg kan denne sendast inn når ein skal søkje kommunen om byggeløyve. Søknadsskjema finn ein på kommunen sin heimeside. Med søknad skal det leverast inn målsett situasjonsplan som viser plassering av bygg i forhold til kommunal veg. Minste avstand mellom tiltak og midt kommunal veg skal oppgis i søknad.

Samandrag/konklusjon:

Alver kommunen finn det forsvarleg å gje løyve til utvida bruk av eksisterande avkjørsle for ny fritidsbustad på vilkår.

Vedtak:

kommune gjev løyve til utvida bruk av eksisterande avkøyrslar til kommunal veg med heimel i veglova §§ 40 til 43.

Løyvet er gjeve på følgjande vilkår:

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstiller tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsle fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Siktsoner kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikhindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå. Siktsona skal til ein kvar tid haldast vedlike av eigar/brukarane av avkjørsle.
- Det skal ligge føre tinglyst rett til å nytte privat veg. Avkjørsle er etablert på gbnr 214/8 og er tilkomstveg til gbnr 214/15. Kommunen skal ha kopi av tinglyst avtale snarast.

Løyve til avkjørsle vert først gyldig når avkjørsle stettar tekniske krav fastsett av vegdirektoratet og det ligg føre tinglyst vegrett.

Utfyllande informasjon om krava til sikt og utforming av avkøyrslar er å finne på kommunen si heimeside: www.alver.kommune.no

Vedtaket gjeld berre tilknytting til kommunal veg. Bygging/utbetring av avkjørsle er søknadspliktig tiltak etter plan og bygningslova. Søknad etter plan og bygningslova skal handsamast av byggesak.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

Bortfall av løyve

Er arbeidet med avkjørsle ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4.ledd.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-
forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Karl Petter Aass

Nylandsveien 14 5039

BERGEN